



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale til høyring av reguleringsplan - Sykkylven 54/21 og 54/32 - detaljregulering for Nygardstranda i Hundeidvik - BU10

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.


Detaljregulering Nygardstranda, BU10 er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn. Føremålet med plana er å legge til rette for bustader, fritidsbustader og naust med tilhøyrande infrastruktur langs Kursetstrandvegen i Hundeidvik. Det er lagt opp til å bygge inntil ni bueiningar og seks fritidsbustader, som skal kunne bygge kvart sitt naust.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Strandsone

Det er stort utbyggingspress på strandsona i Hundeidvik. Store delar av strandsona er avsett til spreidd utbygging for naust, i tillegg til reine naustføremål og næringsareal. I forslag til kommuneplanens arealdel er naustarealet som ligg nord for næringsarealet i kartutsnittet under foreslått omdisponert til rorbu. Vidare er delar av areal som er avsett til spreidd naustbygging nord for dette området igjen føreslått omdisponert til fritids- og turistføremål. Vi fremma motsegn til det sistnemte føremålet i forslag til revidert arealdel av omsyn til strandsoneinteresser. I tillegg har vi motsegn til manglande føresegner som avgrensar naustbygginga i tilstrekkeleg grad. Vi oppfordra også til at kommunen tilbakefører nokre av areala til LNF for å sikre meir strandsone til ålmenta i Hundeidvik.

Det er en del eksisterande bustader og fritidsbustader i Hundeidvik, som vil ha glede av tilgang til å kunne opphalde seg i strandsona. I nytt forslag til arealdel er det også lagt ut nytt areal til bustadføremål, like ovafor dette planområdet. Kommunen bør difor ikkje bygge ned meir av strandsona før det er gjort ei tilstrekkeleg vurdering av kor ålmenta skal ha tilgang til strandsona i dette området.



Figur 1: Kartstnett av gjeldande arealdel. Blåe felt er avsett til spreidd naustbygging. Brune og oransje felt er avsett til naust og lilla til næring. I bakkant er det avsett bustadområde.

Vi ser ikkje at planforslaget tek omsyn til natur og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. plan og bygningslova § 1-8. I vår uttale til oppstart av planarbeidet bad vi om at det ikkje vart opna for privatiserande tiltak i strandsona, og at ein måtte sikre at ålmenta kan ferdast langs sjøkanten.

Planforslaget legg ikkje til rette for areal for ålmenta nedfor vegen. Heile strekket er avsett til fritidsbustad, men tilhøyrande nausttomt nedafor kvar fritidsbustad. Dette gjer at utbygginga er spreidd over heile arealet som er avsett til fritidsbustad og naust, og lite eller ingenting blir igjen til ålmenta. Sjølv om føresegnehene seier at det ikkje er tillate med privatiserande tiltak, vil denne utbygginga føre til nettopp det.

Sjølv om arealet er avsett til utbyggingsføremål i overordna plan, betyr ikkje det at ein skal bygge ned heile arealet. Vi vurderer at i lys av allmenne interesser og bustader i nærleiken og eksisterande utbyggingspress på strandsona i Hundeidvik, må noko av arealet avsettast til ålmenta.

Nausta bør heller samlast i ein del av planområdet, i staden for å spreast utover ei langt strekke. Det er i tillegg opna for å støype støa frå nausta, og at det maksimalt skal kunne byggast ei badebrygge, men det er ikkje avklart kor dette skal vere. Det må avsettast areal til LNF eller grønstruktur langs sjøen som sikrar allmenn tilgang til sjø.

Vi fremmer **motsegn** til planforslaget fordi det ikkje er tatt omsyn til strandsoneinteressene, jf. Plan og bygningslova § 1-8 og rundskriv T-2/16 punkt 3.11.

Vi gjer også merksam på at det ikkje er satt byggegrense for naust. Så lenge dette ikkje er sett, vil ikkje utbygging vere avklart i plana. Byggegrense må sikre allmenn tilkomst foran nausta.

Barn og unge

Vi er samd med administrasjonen i kommunen om at stien som skal opparbeidast mellom leikeplassen og eksisterande traktorveg som går i retning butikkområdet bør få ein høgare standard. Vi viser også til Statens vegvesen sin uttale og støttar opp om denne. Kommunen bør legge til rette for ei løysing som gir gode gang- og sykkeltilhøve heile året, og som er for alle.

Avstand frå dei nordlegaste bustadtomtene til leikeplassen er lengre enn anbefalt. Vi er samd i at ein felles og større leikeplass kan vere ei betre løysing i nokre planområde samanlikna med mange små, men dette føreset at det er trygg tilkomst frå bueiningane til leikearealet.

I denne plana må barna som bur nord for bekken gå langs ein smal veg med biltrafikk for å kome fram til leikearealet. Om ein skal legge til rette for eitt leikeareal med større avstand enn anbefalt må det sikrast opparbeiding av trygg tilkomst (gangvegen) gjennom rekkefølgjekrav. Alternativt kan ein legge inn leikeareal ved dei nordlegaste tomtene i tillegg.

Rekkefølgjekrav om opparbeiding av leikeareal må elles vere knytt til alle bustadtomtene, og ikkje berre dei som ligg sør for Raudåa.

Vi fremmer **motsegn** til planforslaget inntil det er sikra trygg tilkomst til leikearealet for alle bustadene og det er stilt rekkefølgjekrav om opparbeiding av leikeareal som er knytt alle bustadtomtene, jf. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5.

Vassdrag

Bekken Raudåa renn gjennom planområdet. Vi har ikkje registreringar knytt til denne bekken, men den er for bratt til å ha sjøaurebestand. Det kan vere førekost av sjøaure nede ved sjøen.

Bekken ligg i Hjørundfjorden øst bekkefelt (097-113-R) der miljømålet er god økologisk tilstand. Bekkefeltet er vurdert til å ha god økologisk tilstand.

Raudåa er bratt og går i ei lita bekkekloft. Det er ofte naturverdiar knytt til slike vassdrag. I planforslaget er det planlagt gangfelt på oversida av hovudvegen. Det burde vore kartlagt om det er spesielle planter her. For å redusere skade på bekken bør gangvegen byggast som bru. Vi rår til at dette blir utgreidd og sikra i planen.

Vi ber i tillegg om at det blir satt byggegrense mot Raudåa for naust og fritidsbustader.

Forureining

Avløp

Vi er usikre på om tettstaden Hundeidvik ligg over 1000pe, og vi ber kommunen gjøre ei vurdering av dette, jf. NS 9426. Truleg ligg området under 1000 pe og vil såleis ikkje få krav om sekundærreinsing etter nyt avløpsdirektiv.

Det går ikkje fram av plandokumenta om området som er tenkt til kommunalteknisk anlegg er regulert til dette. Vi minner om at avløpsløysinga må vere i tråd med krava i forureiningsforskrifta plan og bygningslova § 27-2 og at kommunen er kommunen er ansvarleg mynde.

Vi gjer også merksam på lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 1 *Kommunalt eigarskap til vass- og avløpsanlegg*, der det står at nye vass og avløpsanlegg skal vere eigm av kommunen.

Konklusjon

Vi har **motsegn** til planforslaget med omsyn til strandsoneinteresser og barn og unge. Vi viser til merknadene over og ber om at dei blir tatt omsyn til.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Vassdrag: Geir Moen, tlf. 71 25 84 71
Avløp: Gunnhild Liva Austvoll, tlf. 71 25 85 12

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
NVE VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER



Sykylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref: 22/131	Dykkar dato: 20.11.2024	Vår ref: 24/40425 - 24/168536	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 29.11.2024
--------------------------	-------------------------------	-------------------------------------	---	---------------------

Sykylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Nygardstranda - uttale

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Detaljregulering Nygardstranda, BU10 er lagt ut til 1.gongs høyring og offentleg ettersyn. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Samferdsel

Slik planforslaget ligg føre er det ikkje sikra trygg framkomme for mjuke trafikantar frå planområdet til målpunkt som butikk, haldeplass og liknande. Born som har krav på skuleskyss må gå i vegbanen langs Kursetstranda for å komme til haldeplassen ved ferjekaia.

Vi viser her til kommunens vurderingar i konsekvensutredninga til arealdelen 2013-2025 der det står at gangveg til butikk bør vurderast i detaljplan som avbøtande tiltak for bustadområde BU10. Vi rår på det sterkeste at planområdet blir utvida slik at turveg blir regulert heilt fram til butikken i nord. Det må bli stilt rekkefølgjekrav til opparbeiding av turvegen med ein slik standard at vegen kan bli drifta om vinteren.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer at planområdet til reguleringsplan for Nygardstranda å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå både steinalder og bronsealder-jernalder, som ligg skjult under markoverflata. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelige plana eventuelt kan godkjennast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagt budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningsliner for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimum budsjett, det kan tenkast at registreringa tar kortare tid og da vil kostnadene bli tilsvarande mindre. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Ved arbeid på og langs veg viser vi til Handbok N301, og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart ansvarsfordeling i samband med rutinane kring arbeidsvarsling og risikovurdering.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseink saksgangen fram mot endelig planvedtak.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føreset att tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.


Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrappo. Skulle det være ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrappo i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år.

Barn og unge

I utgangspunktet syns vi ikkje det er ei god løysning at det berre er ein leikeplass i bustadområdet. Bekken og avstanden vil vere til hinder for dei minste borna som er busatt på BF1 og BF2 for å kome seg dit på ein trygg måte. Samstundes så ser vi at det er lagt opp til eit bustadfelt med store tomter, og at det mest sannsynleg er godt med privat leikeareal for borna i heile bustadområdet.

Det er heller ikkje optimalt å legge ein snuhammar inntil ein leikeplass, og vi rår kommunen på det sterkeste å vurdere om ein kan legge den i enden av gata i staden for noverande plassering. Om ein ikkje kan finne ei slik løysning må leikeplassen bli sikra på ein slik måte at ein ikkje får uheldige situasjoner med born som går til og frå området og køyretøy som ryggar. Ein må også sikre leikeplassen i høve skjeringar som ein snuhammar krev.



Bilde frå planomtalen med snuhammer og skjæringar

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i Fylkestinget 7.12.2021 og av KMD 31.10.2022. Regional vassforvaltningsplan sett miljømål i vassførekommstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. Landbruk er ein av dei største påverknadene i regionen og oppfølging av landbruk er prioritert i plan. Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø i kommunens planar og at det ikkje leggast planar som kjem i konflikt med miljømål fastsatt i regional vassforvaltningsplan. Planen ligg [HER](#).

Vassforvaltning har ein tydeleg plass i [«Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027»](#). 19. mars 2019 kom i tillegg [nasjonale føringar for vassforvaltninga](#). Her er det lagt tydelege føringar for kommunens arbeid innafor avløp, drikkevatn og landbruk m.m. I tillegg skal vassforvaltning bli ivaretake i communal arealplanlegging der det går fram av føringane at «Kommunene har en særlig viktig rolle i vannforvaltningsarbeidet. Det lokale

arbeidet i vannområdene er et viktig grunnlag for det påfølgende regionale arbeidet, og muliggjør lokal forankring og medvirkning, samt innhenting av lokal og erfaringsbasert kunnskap. Kommunene besitter ofte førstehåndskunnskap om vannforekomstenes tilstand og påvirkninger. De er myndighet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innen drikkevann og avløp, overvannshåndtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forerensning. Videre er kommunens arealplanlegging svært viktig for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Gjennom arealplanleggingen kan kommunen sette restriksjoner på arealbruken for å ivareta naturmiljøet i og langs vassdrag, innsjøer, fjorder og sjøområder, herunder vannmiljø. Det er svært viktig at disse virkemidlene tas aktivt i bruk i kommunenes arealplanlegging for å nå målet om god tilstand i norsk vann. Kommunene vil på denne bakgrunn være sterkt involvert i arbeidet i vannregionutvalget og særlig arbeidet i vannområdene.»

Vassforvaltningsplana skal leggast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl §8-2 og vassforskrifta §29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Gjer kommunen løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må kommunen behandle tiltaket etter vassforskrifta § 12.

Raudåa er ein del av vassførekosten 097-113-R, Hjørundfjorden øst bekkefelt, og er i dag i god økologisk tilstand. Det er positivt at det blir avsett ei omsynssone for vassdraget og dette er i tråd med planretningslinjene til Regional vassforvaltningsplan (kap. 1.6). Det er ikkje kjent om det er fisk i vassdraget eller om det er anadromt. Tiltak knytt til veg må derfor utformast slik at det ikke hindrar fisken si vandring, da dette vil vere i konflikt med miljømål.

Kantvegetasjon vil være ei god sikring mot erosjon, sjå meir i NVEs [rettleiar om kantvegetasjon](#). Om det er behov for erosjonssikring utover dette bør meir miljøvennlege flaumforbyggningar nyttast, sjå døme frå handbok for betre fysisk vassmiljø [Tiltakshåndbok for bedre fysisk vannmiljø](#), eller NVEs sikringshandbok [HER](#).

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune stiller krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova. Sjå elles merknadar ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjåholm
seksjonsleiar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Kystverket
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Vedlegg:

§ 9 budsjett - arkeologisk registrering - reguleringsplan Nygårdstranda - Sykkylven
AKSEPTSKJEMA MRFYLKE ARKEOLOGI - Reguleringsplan - Nygårdstranda Sykkylven

Budsjett arkeologisk registrering

Møre og Romsdal fylkeskommune

Saksnr.	24/40425	Saksbeh.:	Guro Dehli Sanden
Prosjektnr.			Dato: 19.12.2024
Sted/ gård, kommune	Reguleringsplan Nygårdstranda, Sykkylven		
Tiltakshaver			
Adresse			

LØNNSKOSTNADER				sos.utg.			
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn		47 %		sum
Forarbeid	7,5	kr 380,00	kr 2 850	kr 1 340	kr	4 190	
<i>Delsum</i>	8		2 850	kr 1 340	kr	4 190	
Feltarbeid	75	kr 380,00	kr 28 500	kr 13 395	kr	41 895	
<i>Delsum</i>	75		28 500	kr 13 395	kr	41 895	
Etterarbeid	75	kr 380,00	kr 28 500	kr 13 395	kr	41 895	
<i>Delsum</i>	75		28 500	kr 13 395	kr	41 895	
Sum lønnskostnader	158		kr 59 850	kr 28 130	kr	87 980	

Indirekte kostnader	60 % av timekostnader	kr 52 788
----------------------------	-----------------------	------------------

DRIFTSKOSTNADER		antall	à kr				
Kost		10	kr 940,00		kr	9 400	
Losji		10	kr 1 800,00		kr	18 000	
Reiseutlegg							
Leiebil el. tilsvarende		800 per døgn			kr	8 000	
Sum reise, kost og losji					kr	35 400	
Forbruksmateriell og utstyr		(10 %)			kr	14 077	
Sum driftskostnader					kr	49 477	

KJØP AV TJENESTER							
Gravemaskin							
Annet teknisk utstyr							
<i>Delsum</i>							
Naturvitenskapelige analyser							
14C		7700 per prøve			kr	23 100	
annet		Andre vitskaplege prøver og treart pr. prøve 1800			kr	5 400	
<i>Delsum naturvitenskap</i>					kr	28 500	
Andre konsulenttjenster							
Sum kjøp av tjenester					kr	28 500	

Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)				
Universitetsmuseet i Bergen		10 %		kr 8 798

SUM BUDSJETT (maksimum)		kr 227 542
--------------------------------	--	-------------------

Akseptskjema

Arkeologisk registrering i samband med; Reguleringsplan Nygardstranda i Sykkylven kommune

Alle punkt i kategori A må vere aksepterte for at registreringa vert satt i bestilling. Vi rår elles til at ein vurderer kategori B

A	Tiltakshavar godtek fylgjande: (sett kryss)
1. Vedlagt budsjett vert akseptert	
2. Tiltakshavar varslar fylkeskommunen ved eventuelle endringar i planen/tiltaket	
3. Tiltakshavar varslar grunneigar(ar) og eventuelle forpaktarar om registreringa	
4. Ved behov for vatn/vassdunkar og vasslange til solding, legg tiltakshavar til rette for dette	
5. Tiltakshavar tek ansvar for eventuelle følgjeskadar ved registreringa	

B	Tiltakshavar godtek fylgjande:
Fylkeskommunen kan formidle arkeologiske funn som vert gjort innanfor planområde forløpende, enten gjennom digitale media, skulebesøk eller andre kanalar. (<i>Vert ikkje belasta tiltakshavar</i>)	
Tiltakshavar skaffar arbeidsbrakke med toalett dersom dette er naudsynt og vert førespurt av fylkeskommunen.	

Tiltakshavar (fakturamottakar)

Namn:

Adresse:

Organisasjonsnummer/personnummer:

E-post:

Dato

Signatur



Statens vegvesen

Sykylven kommune
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon:
Transport og samfunn Vidar Neraas / 71274773 Vår referanse: 22/84574-5 Deres referanse: 22/131-17/ARIRIN Vår dato: 12.12.2024

Uttale til detaljregulering Nygardstranda, BU10 – Sykylven kommune

Vi viser til brev av 20.11.2024.

Saken gjeld

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bolig-, fritids- og naustbebyggelse i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretakne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfylling av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Vår vurdering

Vårt innspel om å utvide planområdet for å kunne planlegge for å etablere gang- og sykkelveg frå den kommunale vegen, Kursestranda, til fv. 5914 er ikkje teke til følgje. Det er i staden regulert inn ein tursti frå leikeplassen som koplast til ein eksisterande sti i området. Vi er positive til snarvegar, men dette er ei løysing som ikkje tener alle og som ikkje blir halde open heile året. I tillegg går den gjerne over anna manns grunn, og det er ikkje sikkert at dei er like interessert i å ha auka ferdsel over sin eigedom. Vi ser det som viktig at ein i reguleringsplanen sikrar at dei som busett seg her har god gang- og sykkeltilkomst til blant anna butikk, skole og busshaldeplass. Ein må da sikre ei universelt utformet tilkoppling til det offentlege vegnettet i området slik at trafikktryggleiken og framkome, for særleg born og unge, blir sikra.

Vi har elles ikkje særlege merknader til planforslaget.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen

seksjonssjef

Vidar Neraas

senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 14.01.2025

Vår ref.: 202208386-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 22/131-17 / ARIRIN

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til offentleg ettersyn av detaljregulering for Nygårdstranda BU10 i Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 20.11.2024. Saka gjeld offentleg ettersyn av framlegg til detaljregulering for Nygårdstranda BU10 i Sykkylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av frittliggende bustader, fritidsbustader og naust.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

NVE ga innspel til varsel om oppstart av planarbeidet i brev datert 25.05.2022. Der gav vi råd om korleis omsyn til grunnforhold, flaum og erosjon, overvatn, fjellskred og vassdragsmiljø burde handsamast i planarbeidet.

Grunnforhold

Det er gjennomført grunnundersøkingar og gjort vurderingar av grunnforholda i planområdet. ERA Geo har i rapport datert 13.06.2023 vurdert at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire i planområdet. NVE har ikkje utfyllande merknader.

Flaum og erosjon

Raudåa renn gjennom planområde med potensiale for flaum- og erosjonsfare, jf. aktsemdkart i NVE Atlas. Sunnfjord Geo Center AS (SGC) har i rapport datert 14.12.2023



gjort ei flaumfarevurdering for vassdraget. Det er utarbeidd faresonekart for flaum med 40 % klimapåslag for flaumar med 20 og 200-års gjentaksintervall. I vurderingane er det konkludert med at elveløpet i stor grad har tilstrekkeleg flaumkapasitet, men det er avdekka to kritiske punkt med fare for flaum utover elveløpet. Det er også konkludert med fare for erosjon langs nedre delar av elveløpet, og tilrådd at det vert regulert byggegrense mot vassdraget for å ta omsyn til slik fare. Rapporten gir råd om alternative metodar for å sikre mot vurdert fare.

I framlegg til plankart er fareområde for flaum langs Raudåa med gjentaksintervall 1/200 regulert med omsynssone flaumfare H320_1, med tilhøyrande føresegnsnotis i § 7.2.

Plandokumenta gir i liten grad greie for korleis kartlagt fare skal handterast før utbygging. Eit eksempel er at føresegnsnotisene § 7.2 i stor grad referer til konklusjonane i SGC sin rapport, utan at det er sett krav om korleis framlegg til tiltak skal følgjast opp.

Dei kartlagde fareområda råkar i liten grad område sett av til utbygging, men NVE finn grunnlag for å gi nokre faglege råd om korleis fare for flaum og erosjon er handtert i plandokumenta;

- I rapporten til SGC er det nemnd to kritiske punkt langs vassdraget, men det er berre vist eitt punkt i figur 17. Det er difor vanskeleg å vurdere kva konsekvensar eventuelle hendingar i det andre kritiske punktet kan få for tryggleiken i planområdet. Rapporten bør også vere tydelegare på kva tiltak som må gjennomførast for å gi tilstrekkeleg tryggleik. Flaumfarekartet viser at flaumvatn vil kome ut av vassdraget og kan råke m.a. infrastruktur ved flaumhendingar, jf. fig. 17 i rapporten. I teksten står det «.... kritisk punkt som **kan** utbetraast» (vår utheving).
- Også i dei andre plandokumenta er det lite tydelege krav, der framlegg til føresegner for § 7.2 i stor grad referer innhald frå rapporten, og i framlegg til plankart er tilrådd byggegrense mot vassdrag utelate utan vidare forklaring.
- Framlegg til plankart manglar samordning mellom flaumkartlegging/ terremodell og kartgrunnlaget for vassdrag. Det gjer at plankartet ser litt merkeleg ut med for eksempel vassdrag utan flaumfare.

NVE rår til at Sykkylven kommune søker å rydde i desse forholda før slutthandsaming av planen.

Overvatn

Det er i VA-rammeplan gjort enkle vurderingar av overvassløysingar i planområdet, og overvasshandteringen er ikkje vurdert som ei utfordring for planområdet. I framlegg til føresegner er det sett krav om lokal handtering og sikra mot auka avrenning som konsekvens av planlagt utbygging.

Flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred

Delar av planområdet er utsett for fare for oppskylling av flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred i Åkneset, jf. [NGI rapport 20151018-00-1](#)-r sist revidert 21.02.2011.

Oppskyllingshøgde er lågare enn framtidig stormflo medrekna framtidig havnivåstigning som er regulert med omsynssone flaumfare H320_2 i framlegg til plankart. I tilhøyrande føresegnsnotis § 7.3 er det oppgitt kva kotehøgd som er gjeldande for tiltak i tryggleiksklasse 2.



Det er lite vurderingar i planomtale og ROS-analyse om kva vurderingar som er gjort for denne faretypen.

NVE gjer merksam på at flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred vert rekna som ei skredhending med andre krav til gjentaksintervall enn dei som gjeld for flaumhendingar. Det er difor ikkje heilt korrekt å legge slik fare under omsynssone flaumfare utan nærmare vurderingar om ei eventuell flodbølgje vil kunne samanliknast som ei flaumhending. **NVE rår til at plandokumenta gjere denne skilnaden meir tydeleg.**

Vassdragsmiljø

I planframlegget er arealet langs Raudåa føreslege regulert som naturområde i sjø og vassdrag NSV (vasstrengen) og tilhøyrande strandsone BSV for sidearealet til vasstrengen. I framlegg til føresegner § 6.1 er det sett krav til å sikre vegetasjonsbelte, og opna for å gjennomføre enkle tiltak som skal sikre at flaumvatnet kjem ut av elveløpet. NVE vurderer at omsyn til kantvegetasjon er tilstrekkeleg sikra i samsvar med vassressurslova § 11. Slik vi les planframlegget er det heller ikkje opna for andre tiltak i vassdraget, men vi saknar at eventuelle tiltak i eller ved vassdraget er vurdert i høve til allmenne interesser i vassdrag og vassressurslova § 5. **NVE rår til at plandokumenta blir oppdatert med slike vurderingar.**

Meld inn farekartlegging

NVE ynskjer tilgang til alle flaum- og skredfareutgreiingar, både rapportar og eventuelle kartlagde faresoner. Informasjonen som NVE får inn, vil bli brukt til å oppdatere farekarta i NVE Atlas og det offentlege kartgrunnlaget (DOK). Kommunen kan bidra til dette ved å melde inn sjølv, eller oppfordre forslagsstillar til å melde inn naturfareutgreiingar til NVE via Altinn. Vi oppfordrar også til å melde inn grunnundersøkingar til NADAG. Det er meir informasjon om innmeldingsløysinga her: [Innmelding av farekartlegging - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune



KYSTVERKET

Sykylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref
22/131 - 17 / ARIRIN

Vår ref
2022/2257-7

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen


Dato
15.01.2025

Fråsegn ved offentleg ettersyn av detaljregulering Nygårdstranda, BU10 - Sykylven kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 20.11.2024 som gjeld ovannemnde og til vår fråsegn datert 01.11.2022 i høve oppstart av planarbeidet. Siktemålet med planen er å legge til rette for etablering av bustadar og fritidsbustadar med naust.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsle på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering



Reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner slik den er vist på kartskissa over synest føremålstenleg og vil ikke få innverknad på statlege farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket varetek i medhald av hamne- og farvasslova. Kystverket sine innspel til oppstart av planarbeidet er teke til følgje. Kystverket har såleis ut frå sitt sektoransvar ikkje vesentleg å merke til planframlegget.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Postboks 2500	6404	MOLDE
Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 2520	6404	MOLDE

Emne: VS: innspel til sak nr. 22/131

Til: Postmottak <postmottak@sykkylven.kommune.no>

Sendt: 27.11.2024 11:10:12

Fra: Bjørn Idar Lyngvær <bil@fishtech.as>

[You don't often get email from bil@fishtech.as. Learn why this is important at
<https://aka.ms/LearnAboutSenderIdentification>]

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klick på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Bjørn Idar Lyngvær

Sendt: onsdag 27. november 2024 11:09

Til: postmottak@sykkylven.kommune.no

Kopi: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>

Emne: innspel til sak nr. 22/131

Vedlagt er side 14 i planbeskrivelse.

Det er planlagt 3 påkjørsler fra bygg på nedsida av kommune vegen.

Vi mener dette er uheldig og at det vil skape trafikale problem, spesielt om vinterferien.

Vi ber om at tiltakshaver endrer planen og at kommunen tillater kun en påkjørsel til kommuneveien.

Der er rikelig med areal på tiltakshaver sitt område til å lage veg føring til alle bygga på eigen grunn.

Sincerely

Bjørn Idar Lyngvær

CEO

Fishtech Hygena AS

Kursetstranda 40

6224 Hundeidvik

Norway

Phone: (+47) 926 94 760

Email: bil@fishtech.as

Web: <https://eur04.safelinks.protection.outlook.com/?url=https%3A%2F%2Ffishtech-hygena.no%2F&data=05%7C02%7Cpostmottak%40sykkylven.kommune.no%7Cacbed739c92946b1322808dd0ecbaa87%7C69d1f8c24696402aa8a6e3e2a2c3a3e4%7C1%7C0%7C638682990124847589%7CUnknown%7CTWFpbGZsb3d8eyJFbXB0eU1hcGkiOnRydWUsIiYiOiIwLjAuMDAwMCIsIlAiOiJXaW4zMjlsIkFOIjoiTWFpbCIslldUIjoyfQ%3D%3D%7C0%7C%7C&sdata=NTZ1OAz99RE3HtbWZxtQyeFth1dDN3exXFHSJ99Kl1o%3D&reserved=0>

Planbeskrivelse

Detaljreguleringsplan for Nygardstranda

Gbnr 54/21 og 32, Sykkylven kommune

ArealplanID 15282022002

Dato: 28.10.24



Figur 10 Illustrasjonsplan

6.3.3 Antall boenheter

For boligbebyggelsen (BF) foreslås det maksimalt ni boenheter. Det reguleres totalt åtte boligtomter.

Tomt nr åtte ser man for seg at man kan etablere med to eneboliger, eventuelt en tomannsbolig.

Dette er sikret i bestemmelsene.

Til Sykkylven Kommune

Merknader til oppstart detaljregulering for

Nygagardsmarka – Hundeidvik – gnr. 54 bnr. 21 og 32 – Sykkylven
kommune

Høring oktober 2024

Siden forrige høring ser vi at det nå er tegna ny veg langs eksisterende kommunal veg inne i boligfeltet slik at her blir det bare ei avkjøring ned til kommunal veg, - veldig bra.

Alle FB og BF har to parkeringsplasser hver og i tillegg kan det bygges garasje, Internveg i det nye BF området er 4 meter bred og her kan to biler kjøre forbi hverandre. Vel og bra.

På den eksisterende kommunale vegen, som på det breieste er max 3 m, får vi en økning på 38 nye biler (antall parkeringsplasser det er beregnet).

Det ser ikke ut som hverken kommune eller ESS vil trygge og legge til rette for et trygt miljø for de som allerede bor eller har tilknytning til Kursetstrandvegen og da mener vi

spesielt de mjuke trafikantene. Det skal ikke være slik at skal en føle seg trygg så må man kjøre bil, kjøre barn/ikke lufte hund der du bor og slutte å sykle for en går mer mindre i grøftekanten hele vegen.

Det må komme en sykkel og gangvei på strekninga Kursetvegen 40 ved Fishtech t.o.m Kursetstranda 2 (ved fergekaia) før det settes i gang bygging av BF/FB.

Det er bare et strekke på 280-300 meter som vil gjøre en vesentlig forskjell for miljøet for både de som bor der nå og de som vi håper flytte til.

Trafikken som det henvises til i reguleringsa er underestimert:

I planen sies det at det er 25 bustader/fritidshus langs Kursetstrandvegen i dag. Se på Googlemap (eller gå en tur langs vegen) fra Kursetstrandvegen 2 til 178 vil du finne minimum 60 naust/rorbu/fritidseiendommer/bolighus) det er svært få rorbu/naust som tilhører de som bor langs vegen.

Heile Kursetstrandvegen ligg i strandlinja og er ei «perle» som beskrevet over med diverse eiendommer o.a i strandlinja og i enden av vegen forbi Kursetstrandvegen 178

er en sti som fører til Vellingsneset, turområde for heile Bygda, her er det svaberg, naturlig strand, fine fiskeforhold for fiske fra berga, dykking av skjell etc. På heilt andre enden ved

Kursetstranda 2 – krysser en Sørestrandveien og Kommer til «Sanden» bading på sommer og tur med og uten hund heile året.

Så, - de som bruker vegen er både pensjonister, små barn, ungdommer og småbarnsforeldre som er fastboende, de som leier FB/rorbu, de som eier FB, naust etc og som bruker

Stranden, turveiene på hver ende av Kursetstrandvegen, besøkende og varelevering, post, hjemmetjenesten, ansatte på Fishtech/Jarnes og tungtransport ved varelevering

og lossing av ferdige produkt fra samme bedrift. Store lastebiler for henting av pukk. Folk skal på jobb til Formfin, Ekornes, lege, på Aure etc, skal på kaia til bussholdeplassen
barn skal kjøres til barnehage, skole, man skal på jobb samme ruta tilbake, så er det fritidsaktiviteter for en selv og barn og ungdommer skal hit og dit en får besøk og reiser på besøk og det skal handles, både mat og andre varer. De som har FB må kjøre med søppel til «Grustaket» der containere står for å nevne dagligdagse ting en gjør som påvirker trafikken.

Her er det for nye området med 9 eneboliger beregnet 45 turer ned på kommunal veg for dag – det er 5 turer per boenhet (regner med de regner 2 voksne og 2 barn) her tror jeg de har glemt å regne at en skal tilbake samme veg – regnestykket ser riktig ut om det ganges med 2 da blir det 90.(10 turer per enhet for dag som har 2 biler).

ESS har ikke beregnet trafikk fra Fritidseiendommene «fordi det blir sporadisk» – en kan faktisk bli utsatt for en trafikkulykke av «sporadisk trafikk»!

Noen FB blir kanskje kjøpt for business for utleige året rundt, pensjonister har jo mulighet til å bo der store deler av året – kanskje leie ut ellers evt. barn/barnebarn – hvem veit

*kanskje blir det primærbolig etter hvert evt skille ut naust, vanskelig å
spå men at det blir trafikkøkning, ja – er faktisk 14
parkeringsplasser planlagt + garasje.*

*Vi meiner at trafikken økes betydelig på dette strekket, men vi tar for
oss her de myke trafikantene der sikkerhet og helse og
miljø må tas på alvor før noe alvorlig skjer.*

*Problemet for mjuke trafikanter er fra Fischtec t.o.m Kursetstranda 2
, Det er her det er tungtrafikk i tillegg til vanlig trafikk og
fartsgrensen er 50. Som gående, syklende har
du ingen sted å gjøre av deg unntatt i grøfta – vinterstid er det spesielt
ille. Det vil bli enda mer trafikk på denne veien som på det
bredeste er max 3 m – myke trafikanter er henvist til
grøfta.*

*Gang- og sykkelveg må etableres før bygging som et rekkefølgekrav . nå
skal det legges vann, avløp, strøm, intern n, veg etc- ny
infrastruktur - slik at dette er jo naturlig å få på plass
nå fra Fischtech/Jarnes (Kursetvegen 40) til fylkesvegen
Sørestrandveien (ved Kursetstranda 2) . Vi kan ikke vente på
reguleringsplan som omfatter fylkesvegen en gong i framtida.*

*Vi synes det er flott med ny tilvekst til bygda, men det må ikke enda en
gang gå utover mjuke trafikanter.*

Utbedring av rekкverk til Raudåna

*Elva er godt beskrevet både ved flaum, regn og snøsmelting – elva
kan være stille som en bekk og bli til en skremmende stor foss .
Rekkverket er det ikke sagt noe om.*

Rekkverket (gammel støpt betong blokk) er 37 cm høyt på ene siden og 47 cm på andre siden.

Lokale står ikke på broa og venter på tunge kjøretøy skal komme seg forbi i frykt for å falle i elva, som det er langt til på ene siden og høye spisse, hvasse bergmasser på andre siden.

Vi håper at kommunen kan prioritere dette rekverket,



Bare for å illustrere

Til venstre fra hunden kommer 6 fritids-boliger (og må ha 4 til – eksisterende naust som skal bygge to til).

Til høyre for barnet 7 eneboliger og **14 parkeringsplasser**

Omtrent ved lyktestolpe høyre side fram i bildet eksisterende) **4 nye parkeringsplasser**

Ved lyktestolpe går veien over Raudåna og 37 cm høyt på ene siden og 47cm på andre siden

Fichtec er ned til venstre etter bolighuset s

Kursetstrandveien varierer fra ca 2,7 til 3 m i hvor den dette er på vinter for gående i møte med

Gang- og sykkelveg må etableres før bygging qv nye BF og FB. Nå skal det legges vann, avløp, strøm, intern veg ihht ny infrastruktur - slik at dette er jo naturlig

få på plass nå - fra Fishtech/Jarnes (Kursetvegen 40) til fylkesvegen Sørestrandveien (ved Kursetstranda 2) .

Vi kan ikke vente på reguleringsplan som omfatter fylkesvegen en gong i framtida og som er et mye større prosjekt (som vil gjøre Hundeidvik til et mye bedre sted å leve)

Vi synes det er flott med ny tilvekst til bygda, men det må ikke enda en gang gå utover de mjuke trafikantene. Det er snakk om ca 280 meter

gang- og sykkelsti som vil gjøre at de nye som flytter til området også får et godt miljø å flytte til.

Det blir brukt 620 m² bare på selve parkeringsplassene (nye internveier og garasjeplass i tillegg) gang- og sykkelsti på 280m² er et areal på 420m²

Planbeskrivelse side 14 av 30

- *Her ser vi at det er tre veger opp til Kommunal veg – her burde det bare være en veg – ein parkeringsplass for alle (kjøre til FB for avgang og pålasting og så parkert ved parkeringsplass,*
- *Kommunal lader for el-bil på evt. parkeringsplass*
- *Hvor skal de som eier de to eksisterende nausta (og som det står også kan bygge ett hver i tillegg) parkere?*

6.11 Utehopholdsareal – blir nevnt kort veg og ny sti til ballbinge Her må fylkesveg ved nedlagte skolen krysses, For å komme til aktivitetsparken, Montessoriskole, barnehage må

også fylkesveg krysses det er ikke trygge veier for barn til lekeområder i Hundeidvik per i dag. Veldig bra at det bygges et internt lekeområde i byggefeltet.

Med vennlig hilsen

På vegne av gnr 54/35

Kursetstranda 34

Tove Utgård